

Saksbehandlar: Eilif Ullestad Rosnæs, Plan og samfunn
Sak nr.: 21/2444-1

Fleirbruks- og basishall – organisering av prosjektet

Rådmannen rår formannskapet til å gje slik tilråding: Formannskapet rår kommunestyret å gjere slikt vedtak:

1. Rådmannen skal utgreie og følgje opp prosjektet basis og fleirbrukshall på line med alle andre investeringsprosjekt i kommunen.
2. Noverande «Plan- og byggjenemnd for fleirbruks - og basishall», utanom dei tilsette i kommunen, vert gjort til referansegruppe for arbeidet med fleirbruks- og basishall. Referansegruppa kan gje faglege råd og uttale seg til løysingar for prosjektet.

Vedlegg:

1. Mandat for Plan- og byggjenemnd for fleirbruks- og basishall

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

I juni 2019 vart mandat til plan- og byggjenemnd for ny fleirbruks- og basishall vedteken av Sogndal kommunestyre. Mandatet var omfattande og gjekk kort fortalt ut på at nemnda først skulle gjere undersøking av behovet, deretter eventuelt setje i gang og gjennomføre forprosjekt, og vidare planlegge og tilrå løysingar for gjennomføring av sjølvne bygginga av basis og fleirbrukshallen. Mandatet er lagt ved saka.

I april 2020 fekk nemnda ein behovsrapport frå Norconsult som konkluderte med at det var behov for hallareal. I løpet av sommaren kom nemnda fram til eit førebels konsept på kva hallen skulle innehalde og ei mogleg plassering. Det har i prosjektplanen vore lagt opp til at når forprosjektet nærma ferdigstilling, skulle prosjektet i større grad bli overteke av rådmannen og då av prosjektavdelinga i kommunen.

Ny kommunelov frå 01.01.2020 legg klåre føringar på at det skal vere eit tydelegare skilje mellom administrasjon og politisk nivå i kommunen. Alle folkevalte organ som vert oppretta skal vere i samsvar med §§ 5-1 og 5-2 i lova. Denne nemnda har politisk leiarskap, medlemmer frå ulike eksterne partar og administrative medlemmer som følgjer opp det praktiske arbeidet. Dette gjer at samansetninga av nemnda ikkje er i samsvar

med ny kommunelov. I tillegg er nemnda ikkje i samsvar med kva type organ ny kommunelov opnar for å opprette.

3. Vurderingar og konsekvensar

Rådmannen ser det ut i frå føresetnader i kommunelova og ut frå praktiske omsyn, både naudsynt og fornuftig, å endre organisering av arbeidet med basis og fleirbrukshallen. Ansvar og mynde for både planlegging og vidare gjennomføring bør bli lagt til rådmannen slik det er for alle andre investeringsprosjekt i kommunen.

Plan- og byggjenemnda har ein tverrfagleg kompetanse som er viktig å gjere tilgjengeleg for prosjektet. Medlemmene i nemnda representerer også viktige brukargrupper for ein framtidig hall og har difor ein viktig rolle i å bidra til løpande kommunikasjon mellom desse og prosjektansvarleg. Rådmannen vil difor tilrå at plan- og byggenemnda, utan dei som er tilsette i kommunen, i staden får ei rolle som referansegruppe som kan ta i vare desse viktige funksjonane. På den måten opprettheld vi kontinuitet og kompetanse i prosjektet, samstundes som ansvaret vert plassert rett i samsvar med ny kommunelov.

Dette påverkar i seg sjølv ikkje prosjektet i nemneverdig grad. Det har som omtala, i alle høve vore lagt opp til ei slik overtaking av prosjektet. Forskjellen er at denne overtakinga skjer eit par månader før planen i utgangspunktet la opp til.

Referansegruppa kan ha same samansetning og medlemmar som tidlegare, men leiar for gruppa kan også trekke inn andre dersom det er behov for det.

4. Konklusjon

Rådmannen tilrår at ansvar og mynde til å utgreie og vidare følgje opp prosjektet «Basis og fleirbrukshall» vert lagt til rådmannen på line med alle andre investeringsprosjekt i kommunen. Plan- og byggjenemnda for fleirbruks - og basishallen får på si side ei rolle som referansegruppe for prosjekt. Dette for å ta i vare kompetansen som medlemmene i gruppa har og sikre god kommunikasjon til viktige brukargrupper for framtidig hall.